

Søknad om prosjektmidlar til Nordhordland skiklubb innkjøp av klede.

Nordhordland Skiklubb blei stifta 17. desember 1989 og har i dag 88 medlemmer frå heile regionen. Ungdomsgruppa i klubben tel omlag 50 medlemmer i alderen 10 til 18 år. Mange av dei er svært aktive deltakarar i langrenn både lokalt og nasjonalt. For utan ungdomsgruppa har klubben mange aktive senior og veteranløparar som driv aktiv langrenn, og deltek i kretsrenn samt større og mindre turrenn. Nordhordland Skiklubb vert driven etter basislovnorma til NIF.

Skiklubben har som klar målsetning å legge til rette for at flest mulig, særleg born og unge, skal ha mulegheit til å driva med langrennsporten lokalt. Skiklubben har fellestreningar i Knarvik, 2 gonger i veka, gjennom sommar og haust og flyttar treningane til Hopsdal/Gamlesætra når snøen kjem. Hausten 2016 er det planlagt 2 treningssamlingar. Den fyrste i Strandebarm 30. september til 2. oktober. Den neste er snø samling på Geilo frå 2-4. desember.

Sjølv om langrenn er ein individuell idrett, er det sentralt for oss som skal leggja til rette å skape identitet og klubbfølelse. Nordhordland Skiklubb er opptatt av at vi skal stå fram som eit lag. Eit sentralt virkemiddel i samband med dette, er klede. Vi har hatt vår eigen klubbkolleksjon i om lag 4 år. No er det 2 år sidan sist det vart gjort felles innkjøp og det er behov for ei oppdatering.

Vi er i dialog med to leverandørar av langrennsklede, og har eit mål om at alle skal få anledning til å stilla i klubbens fargar på årets Geilo samling. For ein aktiv løpar er behovet, skidress, lue, overtrekks- bukse og jakke, og ein tjukk ytterjakke. Ei slik pakke kostar om lag 4500,- pr. utøvar. I tillegg har vi ønske om at flest muleg av foreldre og trenararar skal ha overtrekks- jakke og bukse til om lag 1 500,-.

Skiklubben tar sikte på å bidra økonomisk med inntil kr. 1000 for kvar av dei aktive borna. Reknar med at dette gjeld 15-20 born. I tillegg ventar vi at ytterlegare 15-20 born og vaksne vil bestilla overtrekk.

Budsjett for tiltak:

Aktive born	15x 4 500	:	67 500
Støtte frå klubb	15x 1 000	:	15 000
Eigendel		:	52 500

Nordhordland skiklubb søker difor om tilskot/kulturmidlar med mål om å redusera eigendelen mest mogleg.

Klubben har eit totalbudsjett på om lag 150 000,- kr. pr. År. Inntektene kjem frå sponsorar, arrangement som Knarvik Xtrem og ulike tilskot. Utgiftene il klubben er knytta til treningssamlingar, utstyr som lånast ut i samband med rekrutering,

påmeldingsavgift for løparar som går nasjonale og regionale skirenn og lokale arrangement/skirenn.



Bilde over er frå krinsmeisterkapen i Røldal 2015.

Vennleg helsing

Tormod Vågenes
Leiar og trenar i Nordhordland Skiklubb